



Marianne Bratshaug
Rylandshøgda 26a
5917 Rossland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7691 - 22/83524

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
02.11.2022

Adresseendring Rylandshøgda 26AB- GBNR 343/144 Ryland

Administrativt vedtak: Saknr: 1236/22

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressefildeling:

Gbnr	Brukseining	Eksisterande adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
343/144	H0101 (B)	Rylandshøgda 26A	Rylandshøgda 26
343/144	U0101 (B)	Rylandshøgda 26B	ingen

Kommunen registrerer vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen når de har fått FA for samanslåinga av bueiningar.

Saka gjeld

I samband med at de har søkt om og fått løyve til samanføyning av bueiningar i bustadhuset, vert det behov for adresseendring. Når de har fått ferdigattest for dette arbeidet vert bygningstypen endra frå 112- einebustad med hybel/ sokkelleilighet til 111- einebustad, og adressa til utleigeeininga vert sletta.

Vurdering

Adresseendringa vert ikkje førehandsvarsla, då denne adresseendringa kjem som direkte fylgje av søknad om endring av bustad frå deg.

Der det berre er eitt adresseobjekt til eit husnummer, skal det ikkje brukast bokstavar til husnummeret. I tillegg til å sletta adressa 26B, må difor gjenverande adressa endrast frå 26A til 26.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling, og adresseendring vert difor utført.

Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Rylandshøgda.

Endringa vert utført i matrikkelen ved FA i byggesak og adresseendringa trer i kraft straks.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme under).

Husnummer må vere på plass før bygget vert teke i bruk.



I tilfeller der bygget med adresse ikkje synes frå adressevegen er det nødvendig med tilvisingsskilt ved avkøyring til sideveg.

Der eigedommen som har fått adressa strekkjer seg heilt fram til vegen (der avkøyringa er), har eigar sjølv plikt til å setje opp også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/7691»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Geir Ove Dalland
Marianne Bratshaug

Rylandshøgda 26a
Rylandshøgda 26a

5917
5917

Rosland
Rosland